

Etiske retningslinjer

Energi Teknikk er ei norsk leverandørbedrift til småkraftindustrien. Bedrifta er forventa å driva si verksemd etter høge etiske og sosiale retningslinjer, og såleis sikra eigarane sine verdjar.

Dette dokumentet skildrar dei etiske og sosiale retningslinjene Energi Teknikk arbeider etter, alle våre underleverandørar har signert tilsvarande dokument, for å sikra at alle leverandørar til Energi Teknikk etterlever dei same etiske og sosiale retningslinjer som Energi Teknikk. Ved å underteikna dette dokumentet forpliktar leverandøren seg til å følgja dei same retningslinjene, og til å dokumentera etterleving av dei når Energi Teknikk måtte be om det.

Dette dokumentet gjeld i tillegg til Energi Teknikk og ET sine leverandørar, deira styremedlemer, tilsette på alle nivå og konsulentar/innleigd personell. Dette omfattar og underleverandørar, kontraktørar, forretningspartnarar, representantar/agentar og mellommenn som opptre på leverandøren sine vegne.

Bærekraft

Energi Teknikk vil driva vår verksemd i tråd med bærekraftige strategiar og oppfordra til dialog for å oppnå bærekraft i vårt lokale miljø, og med våre partnarar/underleverandørar.

Miljø

Energi Teknikk vil arbeida i samsvar med internasjonalt anerkjente miljøstyringsprinsipp, og til ei kvar tid søkja å forbetra oss på disse områda. Vi vil overhalda utsleppsløyver og nasjonale lover og forskrifter på miljøområdet. Vi vil arbeida for å oppnå energieffektivitet og minimere skadelige utslepp og avfallsproduksjon i eit livsløpsperspektiv.

Overhalding av lover og forskrifter

Energi Teknikk vil overhalda alle gjeldande lover og forskrifter i vårt heimland. Vi vil dessutan overhalda alle gjeldande lover og forskrifter i dei landa vi driv verksemd i.

Menneskerettar

Energi Teknikk anerkjenner og støttar dei internasjonale menneskerettane. Vi vil driva vår verksemd på ein måte som respekterer menneskerettane i heile vår organisasjon og hos våre leverandørar. Energi Teknikk vil skapa arbeidsmiljø som fremmar likestilling og ikkje inneber forskjellsbehandling på grunnlag av kjønn, seksuell legning, hudfarge, religion, politisk overbevisning, alder, funksjonshemming, nasjonalitet eller etnisk opphav.

Tilsette sine rettar

Energi Teknikk vil behandla våre tilsette likt og rettferdig. Vi vil ikkje godta noko form for trakassering eller forskjellsbehandling. Vi vil sikra at alle tilsette har skriftlege arbeidsavtalar på eit språk dei sjølv forstår.

Barnearbeid

Energi Teknikk vil avstå frå å bruka barn i nokon form for arbeid som kan fråta dei deira barndom, utviklingsmuligheter eller verdighet. Minstealder for

tilsetjing er 18 år. Unntak kan gjerast for enkelt arbeid og opplæring, der dette er tillate i høve til arbeidsmiljølova §11-2 eller ILO sine konvensjonar om minstealder for adgang til sysselsetjing.

Tvangsarbeid

Energi Teknikk vil vi avstå frå å engasjera eller tilsetja menneske mot deira eigen vilje, og ingen skal betala depositum eller levera inn sine identitetspapir for å byrja i arbeid hjå oss.

Arbeidstid

Energi Teknikk vil overhalda avtalar, lokale lover og forskrifter kva gjeld arbeidstid.

Løn

Energi Teknikk vil sikra at løna vi betalar til våre tilsette og til innleigd arbeidskraft, er rimeleg, og i samsvar med avtalar og lokale lover og forskrifter både i heimlandet og i vertslandet.

Foreningsfridom

Energi Teknikk anerkjenner våre tilsette sin rett til å slutta seg til, eller til ikkje å slutta seg til, ei fagforening og til å vera representert i kollektive avtalar. I land der disse rettane er begrensa, vil våre tilsette uansett ha rett til å påvirka sin arbeidssituasjon og sine rettar.

Helse og sikkerhet

Energi Teknikk vil vi arbeida aktivt for å unngå skader, og vi vil fremja eit sunt arbeidsmiljø for alle tilsette. Vi har eit kvalitets- og styringssystem som oppfyller krava i regelverket, og som er utvikla og vedlikehalde for å unngå helse- og sikkerhetsrisiko. Vi oppfordrar aktivt til å rapportera ei kvar hending, og iverkset forebyggjande og korrigerande tiltak der det er naudsynt, for å unngå gjentakningar.

Konkurrans

Energi Teknikk vil ikkje ta del i nokon form for prisavtalar, marknadsdeling eller anna verksemd som er i strid med konkurranselovgjevinga. Våre innkjøps-

strategiar er basert på konkurranse som ein grunnleggjande føresetnad. Våre leverandørar vert utvalde på grunnlag av objektive, førehandsfastsette kriterium, som ikkje tillet forskjellsbehandling.

Kvitvasking av pengar

Energi Teknikk forpliktar oss til å ikkje ta del i nokon form for kvitvasking av pengar, og til å sikra at våre finansielle transaksjonar ikkje vert nytta for slike formål.

Antikorupsjon

Energi Teknikk vil vi i samband med vår verksemd ikkje tilby, lova eller gje noko upassande fordel til nokon person eller tredjemann for å sikra oss, eller behalda ein forretning eller ein fordel. Dette gjeld uansett om fordelten vert tilbydd direkte eller gjennom mellommann.

Gåver, representasjon og utlegg

Som levEnergi Teknikk vil vi verken direkte eller indirekte tilby Energi Teknikk sine tilsette eller representantar, eller nokon av deira nærstående gåver, anna enn markedsføringsartiklar av minimal verdi som normalt vil vera påført selskapet sin logo.

Representasjon, som sosiale arrangement, måltid, eller underhaldning, kan tilbyast, føresett at dette er

klart forretningsmessig begrunna, men kostnaden må vera innanfor rimelige grenser. Utlegg til reise, losji og anna for enkeltpersonar som representerer Energi Teknikk, vil alltid bli betalt av Energi Teknikk.

Representasjon, utlegg, gåver og andre goder skal ikkje under noko omstende tilbyast eller mottakast i samband med innsending, vurdering eller tildeling av anbud/tilbud.

Interessekonflikt

Verken Energi Teknikk eller våre tilsette vil ta del i eller søkja å påverka noko avgjerd under omstende som kan gje opphav til interessekonflikt eller mistanke om interessekonflikt. Slike omstende kan vera ei forretningsinteresse eller ei personleg interesse.

Konfidensialitet

Energi Teknikk vil ikkje utlevera eller misbruka nokon form for konfidensiell informasjon.

Eigedomsrett

Vi forpliktar oss til å behandla alt som tilhøyrrer Energi Teknikk med aktsemd og varsemd. Energi Teknikk sin eigedom vil ikkje bli nytta til noko form for personleg vinning.